

Saksframlegg

Sakshandsamar: Markus Mohn Werner
Arkivsaksnr.: 17/336-28

Arkiv: PLAN 1420-2017001

Klage på detaljreguleringsplan Rv.5 Gravensteinsgata Sykkelløysing

* Tilråding:

Forvaltningsutvalet tek ikkje klagen til følge og opprettheld vedtak av «detaljreguleringsplan Rv.5 Gravensteinsgata – sykkelveg med fortau» gjort i kommunestyret, sak 42/18, den 13.12.2018.

Klagene vert sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Vedlegg:

1. Klage på detaljreguleringsplan Rv.5 Gravensteinsgata, 18.01.2019
2. Saksframlegg
3. Vurdering av merknader
4. Planomtale
5. Merknader samla
6. Klage frå advokatfirmaet Schjødt

Saksutgreiing:

Kommunestyret handsama saka i møte 13.12.2018 sak 42/18, og gjorde slikt vedtak:

Kommunestyret vedtek detaljreguleringsplan Rv.5 Gravensteinsgata – sykkelveg med fortau, dagsett 05.09.2018, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.

Kommunestyret ber rådmann invitere SVV og Amfi Sogningen til møte for å drøfte tiltak som kan bidra til å sikre næringsverksemda (m.a. tilgangen på parkeringsplassar) til Amfi Sogningen som del av prosjekteringa og utbygginga av sykkelveg med fortau i Gravensteinsgata.

Vedteke med 14 røyster (6 Sp, 4 H, 2 FrP, 2 V):

Kommunestyret oppmodar tiltakshavar/administrasjonen om å finne erstatningsareal for å sikre tilkomsten til gbnr. 21/70.

Bakgrunn:

Statens vegvesen har utarbeidd framlegg til detaljreguleringsplan for Rv.5 Gravensteinsgata sykkelveg med fortau. Statens vegvesen har sjølv fremja forslag til detaljreguleringsplan og lagt framlegget ut til høyring og offentleg ettersyn, etter avtale med planmyndigheita, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 3-7.

Føremålet med planen er å etablere sykkelveg med separat fortau langs Rv.5 Gravensteinsgata på strekninga frå gangfelt over Hovevegen (Kulturhuset) til gangfelt over Fv. 211 Dalavegen. Prosjektet legg til rette for etablering av sykkelveg og fortau med breidder høvesvis 2,5 meter og 2,0 meter. Planområdet omfattar naudsynte areal regulert til samferdsleanlegg og infrastruktur, riggområde, og tilpassing til omkringliggjande eigedomar regulert til bustader og kombinerte føremål forretning/kontor/tenesteyting.

Planprosess:

Forprosjektet og planframlegget har blitt presentert for forvaltningsutvalet i møte.

Det kom inn 11 merknader til varsel om oppstart. Disse er summert opp i kap. 9 i planomtalen. Framlegg til reguleringsplan har vore ute til offentleg ettersyn og høyring i samsvar med pbl. § 12-10 frå 8. september til 20. oktober. Den 24. oktober vart det halde eit ope informasjonsmøte i kommunehuset i Sogndal. Det var om lag 15-20 frammøtte, hovudsakleg direkte berørte partar. I tillegg har det vore eigne møte med Nettbuss eigedom as og Norgesgruppen vest/ ASKO vest i høyringsperioden, der Sogndal kommune har vore med, og eit møte med eigar av Gravensteinsgata 6. Det kom inn i høyringa inn 10 merknader til planen. Merknadane er gått gjennom og kommentert av Statens vegvesen i vedlegg 2 «Vurdering av merknader», med administrativ tilråding.

Kommunestyret vedtok «detaljreguleringsplan Rv.5 Gravensteinsgata – sykkelveg med fortau», i sak 42/18 den 13.12.2018. Melding om vedtak vart sendt ut 10.01.2019. Vi har motteke to klager, som er rettidig framsett. Klaga frå advokatfirmaet Harris er summert og vurdert i det vidare. Klaga frå advokatfirmaet Schjødt vert vurdert og ettersendt før møte.

Vurdering:

Harris Advokatfirma ved Thomas Chr. Jarning klager på vegne av Anna Pedersen, eigar av Gravensteinsgata 6, gbnr. 21/70. I klagen vert det vist til kommunestyret sin oppmoding til administrasjonen og tiltakshavar om å finne erstatningsareal for å sikre tilkomst til eigedomen, og det vert argumentert for at areal for tilkomst vert sikra i arealplankartet. Klagar viser vidare til planlagd slutthandsaming av områdeplan Campus Sogndal og legg fram at «det er av største viktighet for Pedersen at detaljreguleringen for Rv. 5 Gravensteinsgata ikke foregriper eller legger føringer for denne behandlingen, ved at arealet utenfor gbnr.21/70 blir regulert til trafikkareal».

Klagar ber om at klagen vert teken til følgje og at kommunen gjer følgjande endringar i planframlegget:

- *Eksisterende grøntareal utenfor gbnr. 21/70, reguleres enten til friområde (GF) eller annen veggrunn - grøntareal (SVG), jf. illustrasjonsplan fra Statens vegvesen.*
- *Regulert arealinngrep til vegformål og annen veggrunn langs Gravensteinsgata ved gbnr. 21/70 vurderes på nytt, og reduseres inntil 1,5 meter.*
- *Subsidiært; mulighetene for å avvike fra vegnormal N100 for boligens levetid utredes og vurderes, jf. sammenlignbar sak og løsning på boligeiendommen gbnr. 20/10.*

Vi viser elles til klagen (vedlegg) for argumentasjon for dei ønskja endringane.

Vår vurdering:

Klagar Anna Pedersen er eigar av Gravensteinsgata 6, gbnr. 21/70, som er omfatta av planområdet, og er difor part i saka og har klagerett etter fvl. § 28 første ledd.

Klagar har sendt innspel om tilpassing av prosjektet til eigedomen i samband med høyring av planframlegget. Statens vegvesen har vurdert innpelet som del av planarbeidet, og er omtalt i planomtalen kapittel 6.4 om tilpassing til sideareal og dokumentet «Vurdering av merknader til offentleg ettersyn» side 10. Oppsummert er det lagt opp til at tilpassing av prosjektet til eigedomen vert gjort som del av detaljprosjektering.

I saksframlegget til handsaming av saka vurderte rådmannen generelt følgjande:

Statens vegvesen har tilpassa prosjektet til merknader frå grunneigarar så langt det har vore mogleg innanfor rãmene av løyvde midlar. Planprosessen har vore grundig og avklart dei vesentlege tilhøva i planområdet. Merknadar til offentleg høyring og ettersyn er samanfatta og vurdert i vedlegget «Vurdering av merknader» og vi sluttar oss til desse i sin heilskap. Vi har følgjande vurderingar:

[...]

Andre tilpassingar av prosjektet til eigedomane langs vegen kan gjerast som del av detaljprosjektering og treng etter vår vurdering ikkje å sikrast ytterlegare i planen. Vi tilrår ikkje å gå ned på standard på prosjektet for å tilpasse tiltaket meir til eigedomane. Ved Kulturhuset må tiltaket tilpassast eksisterande bygningsmessige strukturar.

I vedlegget «Vurdering av merknader» vurderte administrasjonen følgjande når det gjeld merknaden frå klagar:

Merknaden er tilfredsstillande følgt opp i kommentaren frå Statens vegvesen. Tilpassing av prosjektet til eigedomen slik det er omtalt i merknaden kan gjerast som del av detaljprosjektering og treng ikkje sikrast i planen. Vi tilrår ikkje å gå ned på standard på prosjektet for å tilpasse til eigedomen, som er føreslege regulert til gang- og sykkelveg i framlegg til områdeplan Campus Sogndal.

Samla syner saksutgreiinga, planomtalen og vurdering av merknader at Statens vegvesen som forslagsstillar og kommunen som plan- og bygningsmynde har gjort vurderingar av korleis planframlegget kan tilpassast eigedomen. Det er ikkje funnet grunn til å gjere endringar i plankart eller føresegner på bakgrunn av merknadane som er komne inn, og det er vurdert at desse omsyna kan sikrast i samband med detaljprosjektering. Planarbeidet for detaljreguleringsplan Rv.5 Gravensteinsgata er tilpassa framlegg til områdeplan Campus Sogndal gjennom lik arealbruk på tilgrensande eigedomar på nordsida av gata, og dette er gjort greie for i saksutgreiinga:

«Planen er vidare tilpassa arealbruken i framlegg til områdeplan campus Sogndal, som opnar for å vidareføre gang- og sykkelanlegga vidare mot campusområdet.»

Vi konstaterer at klagar er ueinig i arealbruken som vert føreslege og kjem med framlegg om endringar. Vi ser ikkje at klagar kjem med nye opplysningar som ikkje har vorte vurdert tidlegare i prosessen, og ser ut i frå dette ikkje grunn til å ta klagen til følge.

Sogndal 30.01.2019

Jostein Aanestad
-rådmann-